



## HURRA; Vi får elevane tilbake☺

For ei glede det er å kunne ønskje elevane tilbake. Dette har vi gleda oss til.

Elevane vil møte ein skule som er litt annleis organisert enn den dei hadde i tida før 12. mars. Vi har fått rettleiarar for smitteverntiltak, ein for mellomtrinnet og ein for ungdomstrinnet. Desse rettleiarane er krevjande å følgje. Dei set ein standard for storleiken på gruppene, vandring av lærarar mellom gruppene og samhandling gruppene imellom. Kort sagt er denne rettleiaren den rettesnora vi no må forhalde oss til når vi skal organisere skulekvardagen på nytt. Dei ulike rettleiarane finn de på [udir.no](http://udir.no) om de er interessert i å lese den.

På mellomtrinnet seier rettleiaren at gruppene kan vere på 20 stk. I klasser der det er 21 elevar er det naturleg at dette blir ei gruppe. 6. trinn får ei ny grupe. På ungdomstrinnet er det ikkje eit spesifikt tal som seier noko om gruppestorleiken, men det er eit overordna krav at det skal vere 1 meter mellom alle elevane til ein kvar tid. For å stette dette kravet betyr det at det blir nye grupper på ungdomsskulen også.

I tillegg har vi fått signal om at vi må redusere skyssbehovet ved å redusere oppmøte for skyssselevar på 5. -10. trinn. Derfor er det organisatorisk naudsynt å veksle melom digital undervisning og oppmøte på skulen. Summen av alle krava i rettleiaren og frå Fylkeskommunen gjer at vi ikkje kan ta imot alle elevane samstundes. Alle trinn må difor få ein «heimeskuledag» i veka. Dette presiserte Statsråden også; skulane er ulike og det vil bety ulik organisering. I kommande veke treng vi tid til å lære elevane opp i smitteverntiltaka og gje dei ei innføring i nye rutinar. Derfor har vi ei ulik innfasing av dei ulike trinna.

For veke 20 ser oppmøteplanen slik ut:

<b>VEKE 20</b>	<b>På skulen</b>	<b>Heimeskule</b>
<b>Måndag 11.05</b>	<b>5. trinn + 10. trinn</b>	<b>Dei andre trinna</b>
<b>Tysdag 12. 05</b>	<b>6. trinn + 8. trinn + 10. trinn</b>	<b>Dei andre trinna</b>
<b>Onsdag 13.05</b>	<b>Heile mellomtrinnet + 8. trinn og 10. trinn</b>	<b>9. trinn</b>
<b>Torsdag 14.05</b>	<b>5. trinn + 7. trinn + 8. trinn + 9. trinn</b>	<b>6. trinn + 10. trinn</b>
<b>Fredag 15.05</b>	<b>Heile mellomtrinnet + 9. trinn + 10. trinn</b>	<b>8. trinn</b>

\*NB: Mellomtrinnet får litt ulike tider der deira skuledag starter og sluttar. Dette får de eige skriv om.

Veke 21 er ei kort veke. Då er oppmøteplanen slik:

<b>Veke 21</b>	<b>På skulen</b>	<b>Heimeskule</b>
<b>Måndag 18.05</b>	<b>Heile mellomtrinnet + 9. trinn + 10. trinn</b>	<b>8. trinn</b>
<b>Tysdag 19. 05</b>	<b>6. trinn + 7. trinn + 8. trinn + 10. trinn</b>	<b>5. trinn + 9. trinn</b>
<b>Onsdag 20.05</b>	<b>Heile mellomtrinnet + 8. trinn + 9. trinn</b>	<b>10. trinn</b>

Det er uungåeleg at det blir mykje fokus på handhygiene. Vi skal vaske hendene ofte. Erfaringar frå dei skulane som har opna for 1. – 4. trinn melder om at nokre elevar får såre hender grunna særskild hyppig handvask. Vi har kjøpt inn handkrem som kan bøte på dette. Men, dersom det er ein spesiell handkrem som bornet ditt treng, så ta den med i sekken.

For å ivareta smitteverntiltaka så blir det også ulike friminutt for elevane. Dei ulike stega har saman laga ein plan for å gjennomføre timar og friminutt slik at vi i best mogeleg grad stettar alle krav som er sette.

Vi har lånt ut mange pc-ar til elevane i denne perioden. Elevane må ta med seg desse PC-ane tilbake på skulen no når dei skal starte att. Pass på at alt av utstyr er med.

Det er ikkje høve til å låne utstyr av andre. Elevane må ha med blyant, viskelêr, kalkulator og anna naudsynt utstyr dei brukar i løpet av skuledagen.

Dersom det er elevar som ikkje kan komme på skulen grunna sjukdom må dei ha legeerklæring på det.

Kontaktlærarar vil sende ut informasjon som gjeld sin klasse.

Vi gleder oss til oppstart☺

Helsing Sølvi S.